

Ravnum - Øijordet (gnr. 32)

Ravnum: Gardnavn der førsteleden viser til fuglenavnet *hrafn*. Skrivemåten har vore ustø og skiftande, men mest alltid slik at namnet var godt kjenneleg. Ein merker seg at det er to gardar av namn Ravnum her i grenda nordre-øvre Vingrom.

I skrivne kjelder finn ein garden "Rawnem" i Fåberg nemnt ved eit jordbyte i 1517. I skattelista for ekstraskatten Gjengjerden av 1528 er namnet på brukaren skrive "Yffuer Ramdem", og han svara da den utlikna skatten med 1 lodd sølv. I lista over Bygningsskatten 1594 er gardnamnet skrive "Ramnom", som vi seier i dag, og garden er da ført i lista mellom gardane "Reidstad" og "Birke". Tjugeseks år seinare er i 1620 brukeren Haldvor Raffnem ført blant leiglendingebønder i Fåberg, men i 1624 er det opplyst at Haldvor Raffnemb og var jordeigande bonde og åtte jordegods til ½ huds landskyld i "bemeldte Raffnem". I manntalet for ekstraskatten "Koppskatten 1645" er brukaren kalla Haldor Raffnemb, og han svara da den utskrivne koppskatten for 1 "Mandfolch" og 2 "Quindfolch" med tilsammen ½ mark i pengar. Dette var i dei lange krigane på 1600-talet, og i 1657 kom enda ein ekstra krigsskatt: "Kvegskatten 1657", så kalla fordi det da var krøtertalet på gardom som vart lagt til grunn ved utrekninga av skatten. Av dette manntallet går det vidare fram at den garden det her gjeld, og vart kalla "Sør Rafnem", og den nye brukaren der er da kalla "Mogens Sør-Rafnem". Det er elles oppgitt at buskapen hans der på "Sør Raffnem" da var: 1 hoppe, 8 naut, 7 geiter og 8 sauer. – Av åtte år seinare er enda eit manntal: Mannkjønnsmanntalet av 1665, så kalla fordi det gjaldt berre mannfolka og skulle brukast ved utskrivning av fleire soldater. Der er det "Raffnum" det her gjeld, ført i gruppa for "Ødegaarde", og alderen til brukaren Mogens Halvorsen er oppgitt til 68 år.

År 1668 kom den første matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Raffnumb" fortalt at landskylda av garden framleis var ½ hud eller 6 skinn, men ho kunne og krevjast i 1 bismarpund og 8 merker smør. Brukar av garden var framleis Mogens, og her er det dessutan tydeleg fortalt at garden var "Bundens Egedt" gods. Vidare er det og oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var: 2 hestar og 8 naut, og korntidenda vart utreidd med 1¼ tønne, som altså svara til ei kornavling på 12-13 tønner. Om garden og gardsbruket er elles fortalt at "Engen (innmarka) er goed, och Kand forbedris, Shoug till gaards nøtte, Loerthoell setter till sommerbeed".

Men i år 1713 måtte dette Ravnum ha vore på handel fleire gonger, for "Jacob Knudsen lot (da) oplese sitt skjøte på ødegaarden Lille-Rafnum, av skyld ½ hud, som han har kjøpt av oberst Rechvin." Ein merker seg her navnet "Lille Rafnum" og "Ravnum Lille", som frå da av vart det vanlege namnet i skrift, men sikkert ikkje i bygdemålet. - Ni år seinare gav i 1722 Jacob Knudsen skjøte til Peder Iversen Furu på grd. "Lille Rafnum" av skyld 6 skinn for kjøpesum 184 rd.

Flere opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om "Raunum" av skyld 6 skinn vidare fortalt at garden ligg i baklia og er lettbrukt, jordarten der var og "maadelig dog noe Koldlent og aldeles innstengt". Det er elles fortalt at den årleg utsæd da var kring 2 tønner bygg og at den årlege høvavlinga utgjorde kring 10 lass. Garden leigde da sæter, og eigar og brukar av Ramnum var i den tid framleis Peder Iversen.

Men alt året etter selde i 1734 husbonde Peder Iversen Furu ”ødegården Lille Rafnum i Fåberg sogn til Knud Olsen Krecke for kjøpesum 251 rd. Etter namnet å døme var kjøparen truleg frå Fåvang i Ringebu.

Ti år seinere var det elles visse vanskar med odelsretten til garden ”Rafnum”, og Knud Olsen og arvingane hans kjøpte da odelsretten til garden av generalmajor i infanteriet hr. Lorentz von Reichwein for sum 50 rd. Etter atter 4 år var i 1737 Knud Olsen Lille Rafnum i beit for pengar og han lånte da 98 rd. av Peder Larsen Reestad mot pant i ”engelandet Kindshoven (Tjinshaugen) av skyld 1 skind med bøkse”. Det førde elles til at Tjinshaugen dermed kom under Reistad.

Etter atter en liten mannsalder hadde det i 1760 vore brukarskifte, og Jens Larsen Lille Rafnum gav da skjøte til Knut Knutsen på grd. Lille Rafnum av skyld 6 skinn for 340 rd. Samtidig er det opplyst at Knut Lille Rafnum ga en føderåds kontrakt til foreldra sine. Kjøpar Knut Knutsen hadde så garden til i 1764, da han skjøta Lille Ravnum av skyld 6 skinn vidare til Christen Christensen for kjøpesum 400 rd. Frå året etter er elles eit opplysende skjøte som etter utskrift av panteprotokollen har denne ordlyden:

”Lilleravnum.

Skjøte dat. 18. februar 1765 tgl. 17 juni s.å. Fra Christen Christensen boende på gården Lilleravnum i Lillehammer anneks til Fåberg prestegjeld til Peder Joensen Ravnum på gården Lilleravnum av skyld 6 skinn for sum 414 rd. På denne gård er heftende føderåd til Jens Larsen og hustru.”

Frå denne tid er og eit tingsvitnemål av 20. juni 1769, som her er av interesse, og som etter utskrift av tingboka er bokført slik:

”20 juni 1769.

I anledning forrige foged Christen Prams forespørsler på hans søn, den suspenderede og arreterede foged Johan Adolph Prams vegne, opplyste lagrettet og almuen at eierne av gårdene Lille Ravnum, Røeland, Lien og Koxlien, som på grunn av elvebrudd og skrideløp har nydt skattefrihet ut året 1768, har anvendt all mulig flid på å bringe jorden i stand igjen, og derpå anvendt langt større bekostninger enn skattefriheten har erstattet.”

Peder Jonsen Ravnum f. 1721, som i 1765 tok over som eigar og brukar av Lille Ravnum, hadde i 1741 gifta seg med Anne Pedersdtr., og de fekk i sitt ekteskap fleire born. Dei var: a. Syver f. 1741, b. Peder f. 1745 d. same året, c. Jon f. 1746, d. Peder f. 1748, e. Kari f. 1752, gift 1773 med Peder Syversen Hage, f. Anne f. 1756, g. 1774 med Iver Larsen Reistad, h. Gunhild f. 1758, d. 1762, i. Beret f. 1758, tvilling, j. Gunhild f. 1763.

Faren Peder Jonsen f. 1721 brukte Lilleravnum til i 1773 da han skjøta garden over til sonen Peder Pedersen f. 1748, som elles hadde Ravnum berre til 1775, da han gav skjøte til broren Syver f. 1741. Den nye eigaren og brukaren, Syver Pedersen Ravnum f. 1741, hadde i 1763 gifta seg med Kari Oldstr. og dei fekk 7 born, nemleg: a. Beret f. 1763, b. Ole f. 1765, c. Johannes f. 1766, død 1769, d.-e. tvillingane Kristen og Johannes f. 1769, døde som barn, f. Anne f. 1771, g. Peder f. 1775, død som barn.

Men i 1785 var det ein Peder Syversen som måtte ha heimel på garden, for han skjøta 10 oktober Lille Ravnum over til skoleholder Ole Johansen og arvinger for kjøpesum 499 rd. Ein merker seg elles her denne merknaden som etter utskrifta skal vera tilført ved denne tinglysinga: ”Senere findes intet Hjemmelsbrev herpå thinglæst”.

I 1801 kom påbodet om folketelling og det budde da 2 familiar på det Ravnum det her gjeld. Dei var:

1. familie. 1. Ole Johansen, husbonden, 42 år, 2. Berit Pedersdtr., kona hans, 44 år, 3. Peder Olsen, son deres, 20 år, 4. Ole Olsen, son deres, 14 år, 5. Christen Olsen, son deres, 10 år, 6. Thosten Olsen, son deres, 5 år, 7. Anne dotter deres, 6 år, 8. Kari Olsdtr. dotter deres, 4 år.
2. familie. 1. Christopher Thorgersen, husmann med jord, 25 år, 2. Anne Rasmusdtr., hans kone, 39 år, 3. Thorger Christophersen, deres sønn, 4 år

Den nye husbonden skoleholder Ole Johansen, som var gift med Berit Pedersdtr. Ravnum f. 1758, hadde framleis garden i 1806. Han hadde da lånt 599 rd. av Amund Christophersen Øhre mot pant i Lilleravnum, framleis av skyld 6 skinn. Truleg skulle iallfall ein del av pengane brukast til restaurering av husa og nybygging på Ravnum.

Men same skoleholder Ole Johansen var elles ein god mann for garden. Det viser ikke minst dødsbuskiftet da Ole Johansen i 1814 var avliden. Ved dette skiftet som ble vart halde på "Lilleravnum i Lillehammer, Faaberg" den 1. juli 1814 går det fram at garden da vart verdsett til 1.500 riksbankdaler, som arvebuet er oppgjort i, og buet utgjorde 2.024 rbd. og netto 564 rbd." ibr. hvad sønnen Christen skylder i kjøpesum for garden, 1.500 rbd", som det er uttrykt.

Sonen Christen Olsen, f. 1791, som her er nemnt, gifta seg i 1820 til sitt 2. ekteskap, og da med Anne Jacobsdtr. Reistad født 1790, og de fikk i sitt ekteskap 8 born. Det var:

- a. Ole f. 1820, b. Berte f. 1822, c. Karen f. 1825 gift 1854 med Andreas Gudbrandsen v. Tjerne, d. Oline f. 1828, e. Johanne f. 1831, f. Anne, tvilling, f. 1831, g. Kristian f. 1834, h. Andreas, tvilling, f. 1834.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om "Lilleravnum" elles oppgitt at dei store husdyr på garden da var 1 hest og 8 storfe, og at den årlege kornavlinga da utgjorde kring 20 tønner.

Ved matrikkuleringa i 1838 var den gamle landskyld i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Her finn ein så endeleg bygdemålsnavnet på garden tatt i bruk også i skrift, men som det ofte kunne bli i ei forvanska form. Her er så garden kalla "Ravnum lille (Ødejordet)", som da fekk som si nye matrikkelskyld: 2 skylddaler, 4 ort, 6 skilling og det var da framleis Christen Olsen som var eigar og brukar av Lilleravnum eller Øijordet. Av tinglyste dokument frå den tid går det elles fram at i 1840-50 åra lånte Christen Olsen 2 gonger og ialt 700 spd. på Øyre mot pant i Øyjordet.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 ble det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Lilleravnum (Øyjordet) vidare oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 136 mål, og av dette var ca. 50 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at buskaper på garden i den tid var: 1 hest, 10 storfe og 13 småkrøtter, og den årlege utsæd utgjorde da kring 5½ tønne korn og 5 tønner settepoteter.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og-øre og slik at det var 100 øre i en mark. Der har garden også to navn, nemlig "Ravnum lille" og "Ødejordet", med en samla skyld 5,02 mark, og det er framleis Kristen Olsen som er oppført som eigar og brukar av Øyjordet. Enka Anne Jacobsdtr. Reistad brukte så Øijordet vidare til i 1790, da sonen Kristian Kristensen f. 1834 overtok bruken av garden.

Av år 1898 er ei kontrakt der Kr. Øijordet leiger bort til Vingarheim skytterlag eit skogstykke til skyteplass, som snart etter vart tatt i bruk og fekk ry for å vera ei særst god skytebane. Den nye Vingarheim skytebane verka elles synlig slik at det vart stor interesse for konkurranseskyting, og grenda fekk snart fleire skarpe rifleskyttarar. Eni skal her berre nemne Bertil Reistad og Thv. Hattestad, Vingnes.

Her i Øyjordet var også i ei årrekke dei årlege skirenn for Lillehammer-skolane, både for Folkeskolen og Den høgre skole. Øyjordet med sine store og mindre bakkar var som skapt til både trening og tevling i verkeleg å stå på ski. Dertil ligg Øyjordet så langt frå byen at eit skoleskirenn der vart ein heil skidag for skolane. Det er sikkert mange, mange som ennå minnest dei festlege skoleskirenna her i Øyjordet.

Som eit streif av nyare tid tek vi her elles med at ved kommunevalet i 1901 budde det da 6 personar med røysterett i Øyjordet. De 6 personane var:

1. gardbr. Kristian Kristensen Øyjordet, 67 år,
2. gardbr. Andreas Kristensen Øyjordet, 67 år,
3. husmor Tonette Kristiansdtr., kona til Andreas, 60 år
4. Ole Andreassen Øijordet, gardbr.sønn, 33 år,
5. Matias Larsen, dagarbeidar, 40 år,
6. husmor Kristine Andersdtr., kona til Matias, 42 år.

Ein merker seg at tvillingbrørne Kristian og Andreas i denne tid brukte garden isaman. Men i 1911 var det visstnok Ole A. Øijordet som hadde overtatt, eller skulle overta garden. Han fikk da "eiendomshævdedom, hvorved Ole A. Øijordet kjendes eiendomsberettiget til Øijordet med paategning, hvorefter eiendommens verdi er ansat til 5.900 kroner og føderåd av 5-årlig verdi 2.750 kr."

Av handlar i seinare tid med grn. 32 Øyjordet tek vi så her med at i 1938 overtok så sonen Arne O. Øijordet garden etter foreldra sine Ole Øijordet og Anne f. Jenssveen. Etter dette var det ved jordbruksregistreringa i 1939 framleis et bruksnummer under grn. 32 Øyjordet. Det var grn. 32, brn. 1 Øyjordet, med et jordbruksareal av åker, hage og eng på ca. 100 dekar, som Arne O. Øijordet var eigar og brukar av.

Den nåværande eigar og brukar Arne O. Øijordet er gift med Ingrid Mæhlum, og de hadde i 1952 2 barn, nemlig:

- a. Ole Andreas, f. 1938, b. Torbjørn, f. 1940.